


Forvaltningsplan for Bargarden naturreservat



Luster Kommune

Føreord

Bargarden naturreservat vart verna ved kgl. res. 17.12.1999 gjennom Verneplan for barskog i Vest-Norge. Arbeidet med forvaltningsplanen starta hausten 2012 med heimel i verneforskrifta.

Føremålet med vernet er å sikra eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Naturreservatet har ein særprega kalkfuruskog som ligg langt frå hovudutbreiinga av denne skogtypen og inneheld plantegeografisk interessante førekomst.

Forvaltningsplanen skal være et praktisk hjelpemiddel for å fremja føremålet med vernet, og å gje ei føreseieleg forvaltning. Planen definerer konkrete forvaltnings- og bevaringsmål og tek føre seg korleis verneverdiane skal følgast opp gjennom forvaltning, sakshandsaming, oppsyn og tiltak.

Det er brukarinteresser innan utmarksforvaltning, friluftsliv, undervisning og jakt knytt til området. Forvaltningsplanen gjev på bakgrunn av desse retningslinjer og regler for aktuell bruk.

Luster kommune er forvaltningsstyresmakt for naturreservatet. Dette inneber m.a. ansvar for å handsame søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta. Statens Naturoppsyn (SNO) har som oppgåve å føre oppsyn, gjennomføre skjøtsel og å informere.

Aurland Naturverkstad har levert eit utkast som Luster kommune etterpå har arbeidd vidare med.

Førekomsten av gran som er omhandla i planen er i skrivande stund i ferd med å verta fjerna.

Forvaltningsplanen for Bargarden naturreservat er med dette godkjend.

Gaupne/Leikanger januar 2017

Jarle Skartun
rådmann, Luster kommune

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Innhald

Føreord	i
Innhald	ii
1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Mål for vernet	1
1.2.1 Føremålet med forvaltningsplanen	1
1.3 Lovverk, forskrifter og juridiske rammer	2
2 Områdeskildring	2
2.1 Status i dag	4
2.2 Naturverdiar	5
2.2.1 Kalkfuruslogen	5
2.2.2 Hasselskog	6
2.2.3 Slåtteeng	6
2.3 Granskog	8
2.4 Kulturminne	8
3 Viktige problemstillingar i verneområdet	9
3.1 Gran er ein uynskt art i Bargarden	9
3.2 Forvilla hageplanter	10
3.3 Kulturminne og kulturlandskap	10
4 Forvaltnings- og bevaringsmål	11
4.1 Sentrale prinsipp for forvaltninga	11
4.2 Forvaltningsmål	11
4.3 Bevaringsmål	12
5 Brukarinteresser	13
5.1 Linjerydding, hogst og beitebruk	13
5.1.1 Status og utfordringar	13
5.1.2 Rammer og regelverk	14
5.1.3 Forvaltningsmål og retningslinjer for forvaltninga	14
5.1.4 Aktuelle tiltak	15
5.2 Friluftsliv	15
5.2.1 Status og utfordringar	15
5.2.2 Rammer og regelverk	16
5.2.3 Forvaltningsmål og retningslinjer for forvaltninga	16
5.2.4 Aktuelle tiltak	16
5.3 Undervisning	17
5.3.1 Status og utfordringar	17
5.3.2 Rammer og regelverk	17
5.3.3 Forvaltningsmål og retningslinjer for forvaltninga	17
5.3.4 Aktuelle tiltak	18
5.4 Jakt	18
5.4.1 Status og utfordringar	18
5.4.2 Rammer og regelverk	18
5.4.3 Forvaltningsmål og retningslinjer for forvaltninga	18
5.4.4 Aktuelle tiltak	18
5.5 Motorferdsel	18
5.5.1 Status og utfordringar	18
5.5.2 Rammer og regelverk	18
5.5.3 Forvaltningsmål, retningslinjer og tiltak	18

5.6	Fylkesveg 55, sikring, vedlikehold og utbetring.....	19
5.6.1	Status og utfordringar.....	19
5.6.2	Rammer og regelverk.....	19
5.6.3	Forvaltningsmål, retningslinjer og tiltak	19
6	Oppfølging	19
6.1	Forvaltningsansvar og sakshandsaming	19
6.2	Oppsyn.....	20
6.3	Oppfølging av bevaringsmåla.....	20
6.4	Tiltak.....	20
6.4.1	Aktuelle tiltak	21
6.4.2	Kunnskapsinnhenting.....	21
7	Kjelder	21
	Vedlegg	22
Vedlegg 1.	Verneforskrift for Bargarden naturreservat.....	1

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Den 17. desember 1999 vart eit barskogområde i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke freda som naturreservat under namnet Bargarden naturreservat. Fredinga vart gjort ved kgl.res. i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 §§ 8 og 10 jf. §§ 21, 22 og 23.

Bakgrunnen for vernet av Bargarden naturreservat var Verneplan for barskog i Vest-Noreg som vart vedteken 17.12.1999. Føremålet med verneplanen var å ta vare på det typiske og dei sjeldne/truga elementa i norsk barskognatur. I tillegg til å fanga opp den naturlege variasjonen i barskognaturen skulle verneplanen fanga opp spesielle lokalitetar der det fanst sjeldsynte skogtypar eller plante- og/eller dyresamfunn. I forkant av utarbeidinga av verneplanen gjennomførte Norsk institutt for naturforskning, NINA, landsomfattande registreringar (Bjørndalen og Brandrud 1989). Under utveljinga av verneverdig barskog vart det spesielt lagt vekt på kor urørt skogen var, storleik, produktivitet og artsmangfald (Barskog i Vest-Norge, Utkast til verneplan).

Av dei ulike kategoriane for vern av natur er naturreservat den strengaste forma for områdevern. Naturreservat inneheld truga, sjeldsynt eller sårbar natur, representerer ein bestemt naturtype, har ein særskilt verdi for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst, eller har særskilt naturvitskapeleg verdi.

1.2 Mål for vernet

Det overordna målet for områdevern er å medverka til bevaring av

- a) variasjonsbreidda av naturtypar og landskap
- b) artar og genetisk mangfald
- c) truga natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar
- d) større intakte økosystem, og slik at dei kan vera tilgjengelege for enkelt friluftsliv
- e) område med særskilte naturhistoriske verdier
- f) natur prega av menneskeleg bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har kulturhistoriske verdier, og tilrettelegging for bruk som medverkar til å oppretthalde naturverdiane
- g) økologiske og landskapsmessige samanhengar nasjonalt og internasjonalt
- h) referanseområde for å følgje utviklinga i naturen

(frå § 33 i *Naturmangfaldlova*)

Det spesifikke føremålet med fredinga av Bargarden naturreservat er å sikra eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området har ein særprega kalkfuruskog som ligg langt frå hovudutbreiinga av denne skogtypen. Lokaliteten inneheld òg plantegeografisk interessante førekomstar (*frå Forskrift om freding av Bargarden som naturreservat*).

1.2.1 Føremålet med forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen for Bargarden naturreservat er utarbeidd med heimel i kapittel VII i verneforskrifta: Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det kan lagast forvaltningsplan som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande slik som verneforskrifta. Der ei føresegn i verneforskrifta viser direkte til forvaltningsplanen kan likevel forvaltningsplanen vera juridisk bindande.

Innhaldet i forvaltningsplanar er definert i Miljødirektoratet si Handbok 17-2001, Forvaltningshandboka, kap. 5 (oppdatert september 2010, omsett):

"Forvaltningsplanen skal vera eit praktisk hjelpemiddel for å fremja verneføremålet for verneområdet. I hovudsak skal planen gje utfyllande retningsliner for tolking og handsaming av verneforskrifta i samsvar med verneføremålet. Dette skal danna eit felles grunnlag for utøving av skjønn i sakshandsaminga, og bidra til samordna praksis mellom forvaltningsorgana.»

Som ansvarleg fagstyresmakt for forvaltning av naturreservat og andre mindre verneområde skal Fylkesmannen i Sogn og Fjordane godkjenna planen. Miljødirektoratet skal ha planen til høyring.

1.3 Lovverk, forskrifter og juridiske rammer

Bargarden naturreservat vart oppretta i medhald av naturvernlova av 1970, men i dag er det naturmangfaldlova av 19. juni 2009 som regulerer spørsmål kring naturreservatet.

Naturmangfaldlova § 37 omhandlar vernekategorien naturreservat:

"Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi. "*


Paragrafen seier vidare at:

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet."

2 Områdeskildring

Bargarden naturreservat ligg ved Kvålsviki rett innanfor tettstaden Luster i Luster kommune. Området utgjer ein bratt, sørvend rygg og strekker seg frå Lustrafjorden og fylkesveg 55 opp til ca. 400 m.o.h. Området dekkjer eit areal på 280 dekar. Berggrunnen i området består i hovudsak av fyllitt. Saman med låg årsnedbør (om lag 500 mm) og sør-eksposisjon dannar dette grunnlag for den særskilte kalkfuruslogen og dei plantegeografisk interessante førekomstane på staden.

Du kjem deg til Bargarden anten ved å fylgja fylkesvegen til Luster og nå verneområdet til fots langs merka sti som startar ved sjukeheimen, eller du kan køyra eit lite stykke forbi Luster og parkera på ein rasteplass ved fjorden. Herfrå kan du gå opp ei bratt skråning og koma rett inn i verneområdet. Denne tilkomstvegen er ikkje merka, men det står ei infotavle på rasteplassen.



Figur 1 Oversiktskart over Bargarden naturreservat



Figur 2 Bargarden naturreservat utgjør ei bratt, sørvendt li med verneverdig kalkfuruskog.

2.1 Status i dag

Dei menneskeskapte elementa i området består av planta granskog i øvre del og naturleg spreia gran i nedre del av reservatet. Granene som ikkje står i bestand er stort sett fjerna, men har etterlate seg ein del spor i form av stubbar og hogstavfall, samt stokkar som ikkje har late seg frakta ut av det bratte terrenget. Ei mindre kraftline kryssar nedre delar av verneområdet. Lokaliteten vert nytta til beite i lite omfang, og ber ikkje mykje preg av dette. Gjennom nedre delar av området går ein gamal, oppmura ferdselsveg og det ligg fleire lokalitetar med gamle slåtteeuger som til saman utgjer verdifulle kulturlandskapselement.

Verneområdet er relativt ukjend og lite nytta som turområde, men bruken er i ferd med å ta seg opp etter at det er rydda og merka nokre stiar. Den samanhengande turløypa som går frå Hella til Sognefjellet, Sognefjordstien (S1), gjer også ein avstikkar innom Bargarden. S1 vart opna i 2014, og det er tidleg å sei noko om konsekvensane av denne for verneområdet.



Figur 3 Det er sett opp informasjonstavler på rasteplassen ved Fv 55, og ved Bø og Kjerringaholet, som er dei mest aktuelle tilkomsvegane.

Tidlegare

registrerte artar

(Bjørndalen og Brandrud 1989)

Fjellmarikåpe (*Alchemilla alpina*), Berberis (*Berberis vulgaris*), Hassel (*Corylus avellana*), Dvergmispel (*Cotoneaster inte errimus*), Einer (*Juniperus communis*), Småasal (*Sorbus arranensis*), Rundbelg (*Anthyllis vulneraria*), Markjordbær (*Fragaria vesca*), Blårapp (*Poa glauca*), Hvit bergknapp (*Sedum album*), Legeveronika (*Veronica officinalis*), Bergmynte (*Oriaanum vulgare*), Vanlig tjæreblom (*Lychnis viscaria*), Rødflangre (*Epipactis atrorubens*), Kantkonvall (*Pol onatum odoratum*), Svartburkne (*Asplenium trichomanes*), Vanlig knoppurt (*Centaurea jacea*), Kvitmaure (*Galium boreale*), Skogsvæve (*Hieracium murorum coll.*), Hårsvæve (*H. pilosella coll.*), Skjermsvæve (*H. umbellatum coll.*), Tiriltunge (*Lotus corniculatus*), Hengeaks (*Melica nutans*), Gjeldkarve (*Pim inella saxifraga*), Blåkoll (*Prunella vulgaris*), Bitter bergknapp (*Sedum acre*), Blåknapp (*Succisa pratensis*), Skogkløver (*Trifolium medium*), Vanlig lodnebrege (*Woodsia ilvensis*), Koppermose (*Brum alpinum*), planmose (*Distichum ca illaceum*), Labbmose (*Rhytidium rugosum*), Vanlig vriemose (*Tortella tortuosa*), Sigdmose (*Dicranum scoparium*), Flettemose (*Hypnum cu ressiforme*), Einermose (*Pol trichum 'uni erinum*).

2.2 Naturverdiar

Området har ein mosaikk av turrberg, hasselskog og kalkfurskog, som også går over i bjørkeskog og gammalt kulturlandskap. I øvre del går den urterike furskogen over i fattigare, lyngdominerte furskogtypar. Dei nedste delane har artsrike tørrberg og kantvegetasjon med m.a. berberis.

2.2.1 Kalkfurskogen

Kalkfurskogen i området er ein turr type på grunnlendt jordsmonn, mange stader med mykje fjell i dagen. Floristisk ligg skogen nær kalkfurskogane ein finn på indre Austlandet, men med visse vestlandstrekk, som eit konstant innslag av fjellmarikåpe. Busksjiktet er bygt opp av berberis, hassel, dvergmispel, einer og småasal (Bjørndalen og Brandrud 1989). Nokre plassar veks og svensk asal og krossved (eigne obs). Småasal har tyngdepunktet i utbreiinga nettopp i Sogndal og Luster. Feltsjiktet er artsrikt, men usamanhengande og utan dominerande artar. Rundbelg, markjordbær, blårapp, kvit bergknapp og legeveronika spelar likevel lokalt ei viktig rolle. Varmekjære, søraustlege artar er rikt representerte, mellom anna bergmynte og engtjøreblom. Raudflangre og kantkonvall er sjeldsynte i Sogn, men veks her. Andre karakteristiske artar i feltsjiktet er m.a. svartburkne, vanleg knoppurt, kvitmaure, skogsvæve, hårsvæve, skjermsvæve, hengjeaks, gjeldkarve, og skogkløver (Bjørndalen og Brandrud 1989). I delar av skogen er det og spreidd med prestekrage, bakkemynte og lodneperikum, blåklokke og i små bergsprekker veks olavskjegg og lodnebregne (eigne obs.).



Figur 4 Krossved (*Viburnum opulus*) er ein av dei varmekjære artane i naturreservatet

I nedre delar av reservatet kryssar ei kraftline over reservatet. I kraftgata er vegetasjonen halden open, og ein har her opne turrberg med eit artsrikt feltsjikt med mellom anna harekløver i tillegg til dei nemnde urtane. Her er eit godt habitat for varmekjære, blomeavhengige insekt.

2.2.2 Hasselskog

Fleire plassar er det felt med hasselskog. Like ovanfor kraftlina, sentralt i området ligg eit slikt felt. Grove, gamle styvingsbjørker vitnar om tidlegare kulturpåverknad. Hasselen har ikkje høg alder, så det er tydeleg at området har hatt ein aktiv bruk. I dag er skogen svært tett, og feltsjiktet er lite utvikla, men ein kjenner att edellauvskogselement, m.a. ved at myske er ein av dei få artane i dette sjiktet (eigne obs. 03.09.12).

2.2.3 Slåtteeng

Restar etter gamle slåtteenger syner enno att som opne, grasrike flater. Framleis syner artssamansetnaden at det har vore slått, men attgroinga har dei fleste plassar kome langt, og engene krympar frå kantane.

Areala med slåtteeng er små, og ligg dels i ytterkant av reservatet, den enga som har halde seg best ligg i hovudsak utanfor vernegrensa. Steingardar, gamle vatningsveiter og restar etter bakkemurar syner at areal i verneområdet har vore brukt i landbruksdrift.

Ei av engene innanfor verneområdet ligg under høgspentlina. Denne har halde seg betre enn dei andre engene, kanskje fordi Sognekraft AS i samband med linjerydding har fjerna tre som elles hadde skugga ut enga og spreidd frø innpå. På denne flata er det påvist biologiske verdiar knytt til naturtypen kulturlandskap (Gaarder og Jordal, 1995). SNO har teke initiativ til å rydda kantane og slå enga årleg sidan 2012 saman med forvaltninga, med håp om at det gamle mangfaldet av kalkturreng-antar skal ha etterlate seg frø i jorda som framleis er spiredyktige.

Enga er skildra som ei artsrik kalkturreng. Allereie i 1995 hadde enga byrja å få eit attgroingspreg, men det vart likevel registrert både karplante og sopp som er typiske for naturenger. Som viktige indikatorar på verdi i enga er i rapporten nemnd bakkemynte, engknoppurt, kransmynte og skogkløver saman med meir vanlege engartar om blåklokke, raudsvæve og raudknapp. Det vart påvis fem ulike artar av beitemarkssopp, m.a. to raudlista artar; rødnende lutvokssopp, VU (sårbar) og lutvokssopp, NT (nær truga). Etter registreringane å døma er ikkje artsmangfaldet spesielt høgt. Enga kan likevel ha restaureringspotensial, og fleire artar vil kunne spreia seg inn, både frå frøbank i jorda og frå andre, opne turrbakkar i nærleiken. Både på opne parti over svaberg med tynt jorddekke og i lysopne, skrinne delar av skogbotnen i kalkfurus skogen kan ein finne ei rekke kalkkrevjande urter ein elles gjerne finn i slike naturenger. Forskjellen er at urtene i skogen står spreidd, i eit elles svært glissent feltsjikt.

Enga har i dag eit stort innslag av smalkjempe, og det er mange tuer, danna av jordlevande maur. Tuene vert årleg fjerna i samband med slått. I ytterkant står gamle epletre som er i ferd med å verta borte i kratt. Det er ikkje gjort gjenfunn av beitemarkssopp, men dette kan skuldast at det ikkje har vore leita akkurat i dei periodane soppveksten er god.

Artsliste frå gamal slåtteeng, Bargarden naturreservat

etter Gaarder og Jordal (1995)

Karplanter

Bakkemynte, Blåklokke, Engfrytle, Engknoppurt, Engkvein, Engsoleie, Firkantperikum, Gulaks, Hundegras, Hårsvæve, Kransmynte, Legeveronika, Markjordbær, Raudknapp, Raudsvingel, Ryllik, Skjermsvæve, Skogkløver, Smalkjempe, Sølvmore, Vårpengeurt.

Sopp

Engvokssopp (*Camarophyllus pratensis*), Silkerødsdivesopp (*Entoloma sericellum*), Rødnende lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*) (VU), Liten mønjevokssopp (*Hygrocybe miniata*), Lutvokssopp (*Hygrocybe reidii*) (NT).



Figur 5 Den gamle slåtteteigen under kraftlina er slegen årleg sidan 2012. Tuene er maurtuer som seinare er fjerna.

Like nedanfor den enga ein har prioritert å slå, ligg det smålommer med restar av eng. Her vart det under synfaring 3. september 2012 også funne engnellik. Arten var tidlegare relativt vanleg i turre naturenger, men er no i tilbakegang i takt med at naturengene forsvinn. Langs den gamle vegen opp til slåtteteigane veks det mykje svart erteknapp, ein art som er utprega varmekjær.



Figur 6 Engnellik mellom gamalt, turt gras (tv) og svart erteknapp i lag med kantkratt langs den gamle vegen opp til slåtteteigen (th).

Dei nedste engene (som berre dels ligg i verneområdet, med det meste av arealet utanfor vernegrensa) har hatt innslag av dei framande artane hagesmørbukk (*Hylotelephium telephium*) og gravbergknapp (*Phedimus spurium*). Dette er hageplantar som forvillar seg. Dei er svartelista i Noreg, dvs. at dei er oppfatta som eit trugsmål mot stadeigen vegetasjon, med status PH (potensielt høg risiko) for hagesmørbukk og SE, (svært høg risiko) for gravbergknapp (Gederaas et al. 2012).

2.3 Granskog

I øvre del av reservatet står ein god del stor gran i tette plantefelt. Grana har diverre spreidd seg, så det er eit vesentleg innslag av unge granplanter i tilgrensande skog. Dei siste åra har forvaltninga hogge det meste av gran bortsett frå plantefelta, men spora er svært synlege i form av stubbar, granbar og stokkar, og døyande ringborka tre. Det er ikkje mogleg å henta ut virket frå den bratte lia utan helikopter. Ein må pårekna stadig forynging i verneområdet.

2.4 Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor verneområdet.

Av nyare tids kulturminne er dei gamle vegane som går gjennom verneområdet interessante. Det er lite dokumentert informasjon å hente om desse vegane. Dei er heller ikkje offisielt kartfesta, men vegane er kartfesta ved hjelp av GPS av SNO Luster.



Figur 7 Den nedste av dei to gamle vegfara i naturreservatet er den gamle ferdavegen mellom Dale og Skjolden.

Den nedste vegen fungerte som ferdaveg mellom Dale og Skjolden før dagens veg (Fv 55) vart opna i 1899. Vegen er om lag ein meter brei med turmura kantsteinar på utsida.

Den andre vegen, lokalt kalla Ottavegen, var ein gangveg mellom gardane Berge og Ottum og har ei enklare form utan kantmuring.

Av andre nyare tids kulturminne er det fleire steingardar, rydningsrøyser og rydningsmurar å sjå i området. Desse er mellom anna knytt til dei gamle slåtteeengene. Ei gamal vatningsveit fungerer i dag som sti.



Figur 8 Det som truleg er ein gamal utmarksgarde ligg godt bevart i naturreservatet.

3 Viktige problemstillingar i verneområdet

Det viktigaste trugsmålet mot verneverdiane i Bargarden er framande artar som har etablert seg i og kring verneområdet. Det gjeld i fyrste omgang gran, men også nokre pryddplanter som truleg har spreidd seg frå nærliggjande hagar.

3.1 Gran er ein uynskt art i Bargarden

Det er fleire granfelt rundt Bargarden, og i den nordaustlege delen også innanfor vernegrensa. Desse var planta lenge før området vart verna. Plantefelta er nærare omtala i kap. 5.1 om brukarinteresser. Det er lite aktuelt å fjerna plantefelt som eit reint skjøtselstiltak, både på grunn av den økonomiske verdien tømmeret har for eigaren, og fordi verneverdiane likevel er tapte der, ettersom det ikkje veks særleg mange andre artar under granene. Den einaste nytten ein ville hatt av å fjerna plantefelta i høve verneføremålet, var å redusera spreining, men i randsona til Bargarden er det uansett så mykje gran at ein lyt pårekna ein god del oppkomst av arten uansett. Ei rimeleg tilnærming er å fjerna gran som kjem opp utanom plantefelta med visse års mellomrom. Det er ei stor føremon å ta trea medan dei er så små at ein slepp å ta hand om stammar og bar. Dei siste åra har det vore gjort eit arbeid med å fjerna alle store grantre, og det er håp om at vedlikehaldet etter kvart kan utførast med ei kraftig hekksaks i staden for motorsag. Forvaltninga har lagt fylgjande prinsipp til grunn ved handtering av grana:

- Tre nær stien vert rydda saman og plassert i naturlege søkk eller på annan stad slik at dei synest minst mogleg, og kvista slik at det vert god kontakt mellom stokkane for å få raskare rotning.
- Enkelttre kan liggja der dei landar, men ikkje over sti, gjerde eller kulturminne. (Det har ikkje vore midlar til uttransport med helikopter.)
- Ringborking er å føretrekka i område nær plantefelt.
- Ringborking av tre som kan falla over stien må unngåast.

Dersom eigaren ynskjer å ta ut plantefelta bør forvaltninga leggja til rette for dette, slik at ein får redusert frøspreiinga, på vilkår at motorferdsel og vegbygging som er naudsynt for avvikringa ikkje skadar kalkfurskogen vesentleg. Det er ikkje aktuelt å tillata gjenplanting etter hogst.

3.2 Forvilla hageplanter

I dei nedste engene sørvest i verneområdet (som berre dels ligg i verneområdet, med det meste av arealet utanfor) har det vore innslag av dei framande artane hagesmørbukkk (*Hylotelephium telephium*) og gravbergknapp (*Phedimus spurium*). Dette er hageplantar som forvillar seg. Dei er svartelista i Noreg, dvs. at dei er oppfatta som eit trugsmål mot stadeigen vegetasjon, med status PH (potensielt høg risiko) for hagesmørbukkk og SE (svært høg risiko) for gravbergknapp. Hagesmørbukken er fjerna frå reservatet, men for begge artane er det vedvarande fare for spreieing inn i reservatet, både i engareal og i lysopningar i kalkfurskogen.



Figur 9 Vakre men ikkje ynskje. V: Gravbergknapp, H: Hagesmørbukkk. Desse kan førekomma i verneområdet og kan breie seg utover slik at det trugar stadeigen natur.

3.3 Kulturminne og kulturlandskap

Gamle slåttenger, rydningsrøyser, steinmurar og steingardar utgjer verdifulle kulturlandskapselement som det kan vera interessant å ta vare på. Luster kommune har i samarbeid med SNO gjennomført eit prøveprosjekt på manuell slått på ei utvald eng i nedre del av reservatet årleg sidan sommaren 2012. Slåtten har gjeve gode resultat med omsyn til å opna landskapet, men det er uvisst i kva grad frøbanken i jorda kan gjera slåttearealet til urterik eng att. Dei mange maurtuene i enga er fjerna.

Det er av nasjonal interesse å halda gamle slåttenger og kulturminna knytt til desse ved like. Forvaltninga må ha dette med i vurderinga ved handsaming av søknadar om skjøtsel av kulturlandskap og kulturminne, men vernet legg føringar for kva metodar ein kan nytta. Av omsyn til det biologiske mangfaldet er det ikkje ønskjeleg at det vert nytta sprøytemiddel eller kunstgjødsel.

Dei gamle ferdselsvegane som kryssar naturreservatet er interessante i høve friluftsliv og tilrettelegging for formidling og oppleving i reservatet. I samband med auka bruk vil det vera behov for skjøtsel i form av restaurering og reparasjon av murar og grunder.

4 Forvaltnings- og bevaringsmål

Definisjonar

Forvaltningsmål

Forvaltningsmål er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til eit verneområde. Dette kan t.d. vera verdier/kvalitetar knytt til areal, biologisk mangfald og naturtypar, eller interesser knytt til friluftsliv, brukarinteresser og næringsinteresser. Bevaringsmål er ei presisering av forvaltningsmål knytt til naturkvalitetar.

Naturkvalitet

Naturkvalitet er naturtypar, artar, geologi og landskap som skal takast vare på i eit verneområde. Eitt verneområde kan ha ein eller fleire naturkvalitetar som det er viktig å ta vare på. Naturkvalitetane er gjerne trekte fram direkte i det overordna verneføremålet, slik som i Bargarden, der hovudføremålet er ivaretaking av naturkvaliteten kalkfuruskog.

Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden vi ønskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal vera målbare. Det vil seie at dei skal gjerast presise gjennom mål for areal, naudsynete strukturar/prosessor og/eller førekomst av definerte artar eller andre registrerbare einingar.

4.1 Sentrale prinsipp for forvaltninga

Som eit grunnleggjande prinsipp for forvaltninga av Bargarden naturreservat ligg det at forvaltninga skal vere føreseieleg, kunnskapsbasert og følgja prinsippa om målstyrt forvaltning.

Målstyrt forvaltning inneber at:

- måla for vern og forvaltning er godt definerte,
- det blir innført tiltak for å nå måla,
- at måla blir overvaka, og at
- tiltaka blir justerte dersom det trengst.

Denne forvaltningsmodellen føreset at verneverdiane vert overvaka gjennom regelmessige registreringar, og er såleis ein ressurskrevjande modell. Denne måten å arbeida på er likevel god fordi ein får kontinuerleg stadfesting på om trugsmåla mot vernet er under kontroll, samt at ein har oppdatert kunnskap i høve målsetjinga om å finna ein god balanse mellom omsyna til verneverdiane og behova til brukarane.

4.2 Forvaltningsmål

1. Sikra ei optimalutforming av kalkfuruskog på indre Vestlandet, og ta vare på artsmangfaldet og området sin mosaikk av naturtypar.
2. Ta vare på artar som er plantegeografisk interessante.
3. Bruka naturreservatet som eit verneområde der folk kan møte og oppleva verneverdiane gjennom undervisning og friluftsliv.
4. Synleggjera og ta vare på kulturelementet i naturreservatet.

4.3 Bevaringsmål

Bevaringsmål	Metode/tiltak	Tilstandsvariabel	Måloppnåing
Artsmangfald knytt til kalkfuruslogen skal oppretthaldast	<ol style="list-style-type: none"> 1) Artsregistrering (artsliste). Skjelsynte artar vert registrert i artsdatabanken. 2) Kontinuerleg oppdatering av artslista. 3) Minst kvart femte år leita opp viktige førekomstar for stadfesting. 	Karplanter (indikatorartar og raudlisteartar er særleg viktige)	<p><u>Låg:</u> Ein eller fleire har forsvunne</p> <p><u>Middels:</u> Artsutvalet er uendra</p> <p><u>God:</u> Ingen artar er forsvunne. Førekomsten av raudlisteartar og indikatorartar har auka.</p>
Arealet og kvaliteten av kalkfuruskog skal ikkje reduserast	Fjerna gran, vedlikehaldsrydding kvart femte år	Areal kalkfuruskog i høve vernetidspunktet	<p><u>Låg:</u> Redusert areal</p> <p><u>Middels:</u> Uendra areal</p> <p><u>God:</u> Auka areal, betre kvalitet ved at innslaget av gran er redusert</p>
Redusera førekomsten av gran	Hogst og kapping, vedlikehaldsrydding kvart femte år	Gran	<p><u>Låg:</u> Både småplanter og kongleberande graner står spreidd i reservatet</p> <p><u>Middels:</u> Ingen frøgraner utanom bestandane</p> <p><u>God:</u> Ingen graner eldre enn fem år utanom bestandane</p>
Fjerna svartelisteartar	Luking	Hagesmørbukk Gravbergknapp	<p><u>Låg:</u> Framleis til stades i reservatet</p> <p><u>Middels:</u> Redusert</p> <p><u>God:</u> Borte frå reservatet</p>

5 Brukarinteresser

5.1 Linjerydding, hogst og beitebruk

5.1.1 Status og utfordringar

Inn under temaet skogrydding/hogst kjem både omsynet til kraftlinjerydding og uttak av tømmer. Med unntak av gran, som er ein uynskt art, er det ikkje opna for å ta ut trevirke frå reservatet.

Kraftlinjerydding

Luster Energi AS har ei kraftlinje som strekker seg gjennom området på tvers av lia om lag 50-70 m.o.h. Som del av det regulære vedlikehaldsarbeidet må det ryddast for skog under linja i ein trasé som sikrar linja frå vindfall. Trea vert normalt liggjande på staden etter hogging. Grunna det bratte terrenget er det urealistisk å fjerna hogstavfallet, men det er ynskeleg at trea vert kvista og delt opp i mindre stykke for å oppnå ei raskare nedbryting.

Uttak av tømmer

Granbestandane i øvre del er planta av private grunneigarar, medan grantrea i nedre delar skriv seg frå naturleg spreining. Det er pr. i dag ikkje aktuelt å fjerna planta bestand som eit reint skjøtselstiltak, men dersom fjerning av gran kan kombinerast med næringsføremål vert det sett på som svært positivt. Felta nærmar seg hogstmogen alder.



Figur 10 Førekomstane av gran kan vera aktuelle for uttak ettersom grana er ein uynskt art i reservatet.

Beitebruk

Det er ikkje knytt vesentlege beiteinteresser til området. Grunna gjerde og grinder som er i dårleg stand, og fare for at dyra forvillar seg ned på bilvegen, vert ikkje området nytta til beite anna enn sporadisk haust og vår.

Området har heller ikkje særleg høg kvalitet som beitemark, ettersom det er svært turkeutsett og grunnlendt med mykje nake berg. Stadvis finst likevel restar etter gamle enger som har verdi som beite. Ein har i tillegg noko areal med dels rik lauvskog, som ved lysopning vil ha eit godt potensiale til å verta brukbar beitemark.

Kulturlandskap er ikkje ein del av verneføremålet. Ein har likevel vald å freista å ta vare på noko engareal for å ivareta mangfaldet ein finn i denne naturtypen. Området vil vera sårbart for beite ettersom det er så skrint. Urtene vil vera attraktive for beitedyr, og vil fort kunna få eit hardt beitepress, både på grunn av den gode smaken og fordi det er mangel på alternativ vegetasjon. Husdyrbeite vil og kunna gå utover rekrutteringa av enkelte artar varmekjære tre og busker i reservatet, som småasal og svensk asal.

5.1.2 Rammer og regelverk

Verneforskrifta forbyr skade, øydelegging og fjerning av vegetasjon, medrekna daude busker og tre, men det er gjort unntak for linjeryddinga, jf. kapittel V, 6. ledd: "*Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.*" Rydding av kraftlinja er dermed i tråd med verneforskrifta.

Kapittel VI i forskrifta omtalar *avverking av plantefelt og uttak av framande treslag* som tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til. Fjerning av dei uynskte artane vil kunne gjennomførast i samband med skjøtsel av kulturlandskapet eller som eige tiltak.

I verneforskrifta er det opna for *«beiting på eit nivå som ikkje er til skade for fredingsføremålet»*.

5.1.3 Forvaltningsmål og retningslinjer for forvaltninga

Kraftlinjerydding

Med bakgrunn i ønskje om ei så rask nedbryting av hogstavfall som mogleg, bør forvaltninga styrka dialogen med Luster Energi for å tilpassa linjeryddinga til det beste for vernet.

Uttak av tømmer

I tråd med bevaringsmålet om fråver av svartelista artar bør forvaltninga handsama dispensasjonssøknader som vedkjem fjerning av framande treslag og plantefelt positivt. Det er aktuelt å tillata motorferdsel i samband med hogst, på vilkår at det ikkje er til vesentleg skade for kalkfuruslogen. Det skal i utgangspunktet ikkje plantast til att etter hogst. Alternativt kan det vurderast å planta til med furu av stadeigne gener.

Beitebruk

For bevaring av artsmangfaldet i slåtteeenga vert det tilrådd at ein nyttar slått framfor beite, då beite vil fremja ein grasdominert vegetasjon og kan vera til skade for mangfaldet av urter.

Utnytting av beiteressursane kan halda fram dersom området inngår som ein liten del av eit større beiteområde med dyr som går fritt på utmarksbeite. Det er ein føresetnad at det er eit lågt dyretal i høve arealet, slik at beitepresset vert lite. Beiting med geit er ikkje ynskjeleg. Dersom det er ynskje om å etablere eit meir intensivt beite i utmark som grensar til reservatet bør reservatet gjerdast ute

av beiteområdet. I så tilfelle må forvaltninga vera med på ein dialog om fordeling av kostnadene. Skjøtsel i form av lysopning for å forbetre skogsbeite vil ikkje kunne tillatast.

5.1.4 Aktuelle tiltak

Det kan vere aktuelt å utarbeide ein skriftleg avtale som omhandlar handtering av hogstavfall etter linjerydding.

Når grunneigarane går i gang med å planlegga uttak av tømmer bør forvaltninga vera aktivt på bana og leggja til rette for eit godt samarbeid og dialog omkring den praktiske utføringa. Eit vellukka samarbeid her vil gje ein vinn-vinn-situasjon der tiltaket tener verneføremålet samstundes som det gjev økonomisk utbyte for skogeigar.

5.2 Friluftsliv



Figur 11 Den gamle ferdelsesvegen mellom Dale og Skjolden er med på å gjera Bargarden naturreservat til eit meir attraktivt område for friluftsliv.

5.2.1 Status og utfordringar

Bargarden naturreservat er interessant som friluftsområde, mykje grunna dei to gamle ferdelsesvegane som kryssar reservatet. Ein mykje brukt tilkomst til området går frå rasteplassen ved hovudvegen, opp ei bratt skråning til gamlevegen. SNO har forsøkt å finna løysingar for å betra tilkomsten, men regelverket til Statens Vegvesen hindrar dette då det vil vera uforsvarleg å oppmoda til auka kryssing av riksvegen ved rasteplassen.

Difor har ein heller satsa på å rydda og merka ein sti frå vest, frå sjukeheimen via eit fråflytta småbruk.

Sognefjordvegen S1, som er eit samanhengande stisystem frå Hella til Sognefjellet, som vart opna i 2014, gjer ein avstikker innom Bargarden. Denne kan potensielt medføre auka trafikk i åra framover.

5.2.2 Rammer og regelverk

Kapittel IV i verneforskrifta forbyr all organisert bruk av reservatet, som idrettsarrangement, jaktprøver og liknande. Det er heller ikkje lov å nytta sykkel, tenna bål eller å telta i området. Ved behov, av omsyn til fredingsføremålet, kan Miljødirektoratet forby eller regulera ferdsel i heile eller delar av området. I dag gjeld ingen slike restriksjonar.


Jakt og sanking av bær og matsopp er tillate, jf. verneforskrifta, kapittel V. Forvaltningsstyresmakta har òg høve til å gje løyve til merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar (jf. kap. VI).

5.2.3 Forvaltningsmål og retningslinjer for forvaltninga

Av omsyn til friluftsi- og landbruksinteressene bør det leggjast til rette for at eksisterande stinett gjennom reservatet vert halde ved like.

Det bør vera grei tilkomst for folk som kjem for å oppleva Bargarden, turgåarar som nyttar S1-ruta, og andre friluftsiinteresserte, men det er ikkje ynskjeleg at Bargarden skal verta eit stort utfartsområde, til det er terrenget for sårbart.

5.2.4 Aktuelle tiltak



Figur 12 Eigna trase for framtidig tursti med utgangspunkt i gamle ferdslevegjar gjennom reservatet.

For ålmenta er naturreservatet interessant til bruk i form av enkelt friluftsliv. For å sikra forsvarleg bruk har SNO teke initiativ til å merka og rydda nokre av dei gamle vegane i området. Det er merka sti til Kjerringaholet, som på ein sikt håpar kan bli del av ein rundtur gjennom reservatet. I samband med turruta er det sett opp informasjonsskilt ved den nye innfallsporten frå sjukeheimen og ved Kjerringaholet. Infotavlene tek føre seg viktige punkt i forskrifta, verneverdiar og reglar for framferd i reservatet, og har skisser av nokre av planteartane ein kan finna.

Eit godt formidlingstiltak kan vera å leggja ut stoff om verneområdet på internett. Dette kan t.d. skje gjennom ei nettside der dei ulike verneområda i kommunen vert presenterte. Sida bør skildra det einskilde området sine spesifikke naturverdiar, ha info om tilgjenge og tilrettelegging samt om kva som er dei viktigaste forvaltningsutfordringane for området.

5.3 Undervisning

5.3.1 Status og utfordringar

Området vert i dag i nokon grad nytta i undervisningssamanheng og er av pedagogisk verdi, særskilt for dei lokale skulane og for Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Figur 13 Det biologiske mangfaldet i verneområdet utgjer ein pedagogisk ressurs, t.d. for dei lokale skulane. V: Lodneperikum, som veks i denne kalkfuruslogen, skil seg frå dei vanlege perikumartane ved dei smale blada. H: Gransking av feltsjiktet.

5.3.2 Rammer og regelverk

Som nemnt i avsnitt 5.2.2 forbyr forskrifta organisert aktivitet, men opnar for at forvaltninga kan gje løyve til avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning, jf. Kap. VI.

5.3.3 Forvaltningsmål og retningslinjer for forvaltninga

Der undervisning er føremålet vil bruken av reservatet kunna medverka til styrka kunnskap om natur- og kulturverdiane i verneområdet, og såleis styrka respekten for desse verdiane blant born og unge. Søknadar om bruk av reservatet i undervisningssamanheng bør difor handsamast positivt med tanke på gode ringverknader.

5.3.4 Aktuelle tiltak

Ettersom området er av pedagogisk verdi, vil tilrettelegging for bruk i undervisningssammenheng kunna medverka til å styrka kunnskapen og respekten for verneområdet blant born og unge. For å sikre ein forsvarleg bruk av området kan det utarbeidast eit skriv om naturreservatet til lærarar og assistentar. Skrivet kan ta føre seg viktige punkt i forskrifta, verneverdiar, forslag til undervisningstema og reglar for framferd i reservatet. Det er viktig å opplysa om at det ikkje er tillate å plukka planter i reservatet.

5.4 Jakt

5.4.1 Status og utfordringar

Området inngår i eit hjortevald. I samband med jaktutøvinga kan det tenkjast at det i framtida vil verta fremja ynskje om å setja opp eit jakttårn. Det har ikkje kome fram slike ynskje under arbeidet med verneplanen eller med forvaltningsplanen.

I samband med jaktutøving er det i ein del tilfelle behov for å rydda siktelinjer i vegetasjonen, dvs. fjerna tre, greiner, busk og kratt for å få ei fri sone for å skyte.

Det finst ingen kjende konflikhtar med alminneleg utøving av småviltjakt.

5.4.2 Rammer og regelverk

Utøving av jakt er fullt lovleg i reservatet og vil i seg sjølv ikkje bli påverka av verneforskrifta. Oppføring av jakttårn vil kome innunder forskrifta sitt kap. IV pkt. 3, som gjeld oppføring av faste installasjonar, og vil ikkje kunna tillatast.

Rydding av siktelinjer i terrenget vil skada vegetasjonen, og såleis stri mot forskrifta sitt kapittel IV pkt. 1.

5.4.3 Forvaltningsmål og retningslinjer for forvaltninga

I tråd med forskrifta skal det ikkje opnast for tilrettelegging for betre postering, då forskrifta ikkje opnar for å sette opp jakttårn eller å rydde poster.

5.4.4 Aktuelle tiltak

Ingen aktuelle tiltak.

5.5 Motorferdsel

5.5.1 Status og utfordringar

Det har ikkje vore søkt om motorferdselloyve i reservatet. Spørsmålet om dispensasjon kan koma i samband med uttak av gran, elles er det lite som tyder på at motorferdsel kan verta ei utfordring i Bargarden. Det bratte terrenget er lite tilgjengeleg for motorkøyrety.

5.5.2 Rammer og regelverk

Motorferdsel er forbode i reservatet med unntak for naudetatane og ferdsel i samband med skjøtsel, forvaltning og oppsyn. Etter søknad kan forvaltninga gje løyve til motorferdsel når føremålet knyter seg til jakt, beiting eller vedlikehald av anlegg i verneområdet.

5.5.3 Forvaltningsmål, retningslinjer og tiltak

Ingen aktuelle.

5.6 Fylkesveg 55, sikring, vedlikehald og utbetring

5.6.1 Status og utfordringar

Om lag 360 meter av naturreservatet si grense ligg attmed (ovanfor) fylkesveg 55, innanfor hovudparsell 3, om lag km 8730-9100 (ca. 370 meter lengde). Vegen har varierende veg- og grøftebreidde med dels høge skjeringar. Gamlevegen som går på svaa like over skjeringane, er somme stader i ferd med å skli ut, og dersom det ikkje vert gjort noko med dette vil det etter kvart vera fare for at stein kan trilla utfor skjeringa og landa i vegbana. I verste fall kan dette medføre ulukke med skade på personar og køyrety. Ei parallell, og like relevant problemstilling er tre som veltar eller trugar med å velta ned i vegen.

Meir omfattande inngrep kan koma på tale dersom det vert aktuelt å gjera ei større utbetring av vegen med føremål å heva vegstandarden.

Vanleg drift og vedlikehald, som brøyting, salting og kantslått vedgår ikkje verneverdiane.

Bruk av rasteplassen til parkering og utfartsstad er ei utfordring for vegstyresmaktene, sjå kap. 5.2 om friluftsliv.

5.6.2 Rammer og regelverk

Forskrifta opnar for vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet utan søknad (kap. V pkt. 6). Vidare er utbetring av vegar teke inn som eit spesifikt tiltak forvaltninga kan tillata etter søknad (kap IV pkt. 5). Med utbetring meiner ein tiltak som hevar vegstandarden, og som vanlegvis er meir omfattande enn vanleg vedlikehald.

5.6.3 Forvaltningsmål, retningslinjer og tiltak

Vedlikehald som må til for å sikra at vegen held den standarden han er bygd for og som ivaretek alminnelege tryggleiksvilkår bør tillatast utan søknad i samsvar med kap V pkt. 6. Nedom vegskjeringane bør det ikkje leggjast føringar for vegvesenet sin aktivitet på grunnlag av vernestatusen. Heller ikkje felling av tre langs kanten av skjeringane, eller sikring av stein som utgjer ein risiko for å falla ned, bør i utgangspunktet vera søknadspliktig, men arbeid på oppsida av skjeringane bør likevel skje i samråd med forvaltninga med sikte på å avgrensa unødige skadeverknader. Når det gjeld gamlevegen, tilseier kulturminneomsyna at ein bør satsa på restaurering i staden for riving. (Forvaltninga har pr februar 2016 planar om å reparera dei verste punkta av gamlevegen).

Ved eventuell oppgradering av fylkesveg 55 bør det takast sikte på å velja løysingar som grip minst mogleg inn i verneområdet.

6 Oppfølging

6.1 Forvaltningsansvar og sakshandsaming

Som forvaltningsstyresmakt for naturreservatet har Luster kommune ansvar for all sakshandsaming knytt til vernestatusen.

Søknadar om dispensasjon frå verneforskriftene skal handsamast i tråd med verneforskrifta, som er juridisk bindande, forvaltningsplanen, som har ein retningsgivande funksjon. Mange saker skal også handsamast etter anna lovverk, som plan- og bygningslova eller lov om motorferdsel i utmark. I slike tilfelle bør det vera tilstrekkeleg med ein søknad, og forvaltningsorgana bør samordna seg slik at det

er eit visst samsvar mellom vurderingane, og at tiltakshavar slepp unødig søknadsskriving. Søknader skal fyrst handsamast etter verneforskrifta før anna lovverk, jf. naturmangfaldlova § 48: «(...) Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke. (...)»

For søknader som gjeld vedvarande eller gjentakande behov (t.d. motorferdsel som kjøring i samband med tradisjonell bruk), kan det vere føremålstenleg med fleireårige løyve, men det bør ikkje gjevast løyve for meir enn 3-4 år om gangen. Med dette sikrar ein høve til å endra vilkåra i samsvar med ny kunnskap, endra rammevilkår (td. revisjon av forvaltningsplanen) eller endringar i dei naturgjevne tilhøva.

6.2 Oppsyn

SNO Luster har tilsyn med Bargarden naturreservat, saman med dei fleste andre mindre verneområde i kommunen, samt Breheimen nasjonalpark, med heimel i Lov om statleg naturoppsyn. Føremålet er å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebygga miljøkriminalitet. Meir konkret medfører dette kontroll med reglane gjeve i medhald av Friluftsløva, Naturvernlova, Motorferdselslova, Kulturminnelova, Viltlova, Laks og innlandsfisklova og deler av Forureiningslova. Oppsynet driv i tillegg med rettleiing og informasjon, samt skjøtsels-, registrerings- og dokumentasjonsarbeid. Skilting av verneområda og utviklingsarbeid er også viktige oppgåver for SNO.

Forvaltninga og oppsynet har i dag eit tett samarbeid, og løyser mange av oppgåvene saman.

6.3 Oppfølging av bevaringsmåla

Bevaringsmåla i Bargarden naturreservat knyter seg hovudsakeleg til naturtypene og artsmangfaldet. I samsvar med kap. 5 i forvaltningshandboka skal det peikast ut bevaringsmål for kvar einskild «naturkvalitet» (sjå definisjon kap. 4) i verneområdet. Det er naudsynt med konkrete måtar å evaluera naturkvalitetane på, dvs. ved målbare parametrar. Kunnskapen om området pr. dato er i lita grad talfesta eller på andre måtar gjort mogleg å samanlikna over tid. For å kunna gjennomføra ei kunnskapsbasert, målstyrt forvaltning er det stort behov for å etablera eit nytt, og meir konkret, kartfesta kunnskapsgrunnlag for dei ulike naturtypene, artsmangfaldet og verdiane knytt til desse. Det vil vere trong for revisjon av forvaltningsplanen etter etablering av ein slik kunnskapsbase.

6.4 Tiltak

Ansaret for forvaltninga på tiltakssida avgrensar seg i utgangspunktet til å setja inn naudsynte tiltak for å ivareta verneverdiane. Vernestatusen endrar ikkje på grunneigarane sine tradisjonelle ansvar og oppgåver regulert av anna lovverk. Ofte ser ein at brukarar og forvaltning har felles interesse, og i slike tilfelle kan det vere aktuelt at forvaltninga bidreg anten økonomisk eller på annan måte. Istandsetjing av gamle ferdssveggar er eit døme på ei oppgåver som eventuelt kan løysast i samarbeid mellom brukargrupper og forvaltning.

Aktørar som er aktuelle for gjennomføring av tiltak er forvaltningsstyresmakta sjølv, Statens Naturoppsyn (SNO), lokale grunneigarar, fylkesmannen si miljøvernavdeling og eksterne forskingsmiljø og fagkonsulentar. Ulike interesseorganisasjonar som turlag eller bygdelag kan også ha gode tiltak som bidreg til å fremja og formidla naturverdiane.

6.4.1 Aktuelle tiltak

Skjøtsel

- Årleg kontroll med at hagesmørbutikk og gravbergknapp ikkje spreier seg inn i reservatet. Hageeigarar som grensar til reservatet bør oppmodast om å fjerna desse dersom dei vert halde som prydblante.
- Fjerna småplanter av gran kvart femte år.
- Årleg slått av kalkturrenga.
- Fjerna maurtuer i kalkturrenga.

Opprydding

- Gjera avtale med Luster Energi AS om handsaming av hogstavfall etter linjerydding.
- Rydda søppel etter behov

Informasjon og tilrettelegging

- Merking og delvis restaurering av gamal ferdselsveg gjennom reservatet for å etablere rundtur
- Utarbeida eit informasjonsskriv særleg retta mot skulane
- Leggja betre til rette for tilkomst til reservatet, inkludert skilting og parkering.
- Vidareutvikling av informasjonssidene på internett. (www.luster.kommune.no)

6.4.2 Kunnskapsinnhenting

Bevaringsmåla for Bargarden naturreservat er knytt til stikkorda artsmangfald, kalkfurskog og framande artar. Styrking av kunnskapsgrunnlaget og vidare oppfølgande undersøkingar/overvaking vil vera naudsynt for å kunna forvalta området etter prinsippa som ligg i omgrepet *målstyrt forvaltning* (kap. 4.1).

Dei mest aktuelle tiltaka for å styrka kunnskapsgrunnlaget er:

- Leita fram og kartfesta raudlisteartar og registrera dei i artsdatabanken og i lokal artsliste.
- Nytt flyfoto eller satellittbilete til å fastslå arealet av kalkfurskog, jamfør bevaringsmåla
- Tilrettelegga og invitera til forskning og undervisning i reservatet. Bidra til at resultatane vert tilgjengelege for forvaltninga og ålmenta.
- Kartfesta framande artar, og registrera funn i artsdatabanken.
- Oppretthalda og styrka dialogen med grunneigarane og andre som er godt kjende i området.
- Fotodokumentera alle kulturminne og installasjonar i verneområdet.
- Vurdera statuskartlegging ved behov eller med visse års mellomrom, til dømes kvart tiande år eller i forkant av neste revidering av forvaltningsplanen.

Viktige naturtypar:

- Kalkfurskog (2 eller 3 område som følger høgdegradienten)
- Røsslyngfurskog
- Rike hasselkratt
- Slåtteenga som vert skjøtta
- Engareal med innslag av framande artar

7 Kjelder

Trykte kjelder

Byrkjeland, L. Rudtur Dale-Berge-Bargarden-Ottum-Dale. Omtale av moglege tilretteleggings-, formidlings- og skjøtselstiltak.

Bjørndalen, J.E. og T. E. Brandrud. 1989. Landsplan for verneverdige kalkfuruskoger og beslektede skogstyper i Norge. III. Lokalteter på Vestlandet. Direktoratet for naturforvaltning. Rapport.

Direktoratet for Naturforvaltning (2001) 2010. Områdevern og forvaltning. DN-handbok 17.

Gaarder, G. & Jordal J.B. 1995. Biologiske undersøkelser av noen kulturlandskap og en edellauvskog i Sogn og Fjordane i 1994. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga. Rapport 3-1995.

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Internett

Miljøstatus Sogn og Fjordane

Vedlegg

- Vedlegg 1 Verneforskrift for Bargarden naturreservat
- Vedlegg 2 Kart over Bargarden naturreservat frå kgl.res.

Vedlegg 1. Verneforskrift for Bargarden naturreservat

Forskrift om freding av Bargarden som naturreservat, Luster kommune, Sogn og Fjordane.

Dato	FOR-1999-12-17-1459
Publisert	II 1999 712
Ikrafttredelse	17.12.1999
Gjelder for	Luster kommune, Sogn og Fjordane.
Hjemmel	LOV-1970-06-19-63-§8, LOV-1970-06-19-63-§10, LOV-1970-06-19-63-§21, LOV-1970-06-19-63-§22, LOV-1970-06-19-63-§23 jf LOV-2009-06-19-100-§77
Korttittel	Forskrift om Bargarden naturreservat
Fastsett ved	kgl.res. 17. desember 1999 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8 og § 10 jf. § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 §§ 8 og 10 jf. §§ 21, 22 og 23 er eit barskogområde i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke freda som naturreservat ved kgl.res. av 17. desember 1999 under namnet Bargarden naturreservat.

II

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 28, 31/1, 31/3, 31/5, 31/4.

Reservatet dekkjer eit totalareal på 218 dekar.

Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet desember 1999.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast. Kartet og fredingsforskrifta blir oppbevarte i Luster kommune, hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane fylke, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

III

Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området har ein særprega kalkfuruskog som ligg langt frå hovudutbreiinga av denne skogtypen. Lokaliteten inneheld plantegeografisk interessante førekomstar.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting og såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av kloakkleidningar og luftleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for

tørrelgging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel, på land og vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfarty.
5. Idrettsarrangement, jaktprøver og annan organisert bruk av reservatet er forbode.
6. Bruk av sykkel er forbode. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av reservatet ved forskrift
7. Bålbrenning er forbode.
8. Telting er forbode.

V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Jakt.
4. Fiske.
5. Beiting på eit nivå som ikkje er til skade for fredingsformålet.
6. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

VI

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med tiltak under kap. V pkt. 3 og 6.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar. Vedlikehald av kulturminne.
3. Avverking av plantefelt og uttak av framande treslag.
4. Avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning.
5. Utbetring av vegar.

VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan lagast forvaltningsplan som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

VIII (erstatta av § 48 i naturmangfaldlova)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet for fredinga krev det, og dessutan for vitskaplege undersøkingar, arbeid som er særleg viktig for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 48 i naturmangfaldlova:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke. Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

IX

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmyndighet etter denne forskrift.

X

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2 Vernekart

